



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 22.11.2017
Vår ref.: 2014/11976-60
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Uttale om klassifisering og eigarskap for ny planfri gangvegkryssing på Rv. 13 ved Bjørgvin.

Syner til brev frå Statens vegvesen om «Rv. 13 – Planfri gangvegkryssing Bjørgvin - Klassifisering og eigartilhøve», dagsett 10. august 2016, der de ber om uttale frå Hordaland fylkeskommune.

I møte 20.-21. september 2017 (i saka PS 235/2017) slutta fylkesutvalet seg samrøystes til tilrådinga frå vegvesenet.

Heile tilrådinga til Statens vegvesen er som følgjer:

- *Heile det nye gang- og sykkelveganlegget inklusive bru over Rv. 13, unnateke vegen frå brua til Tymbrålsbakkane, vert klassifisert som riksgangveg og i statleg eige.*
- *Vegen frå brua til Tymbrålsbakkane, vert klassifisert som kommunal gangveg og i kommunal eige.*
- *Tidlegare RG 13 Hp 164 mellom km 2000 – 2157 (157 meter) vert nedlagt som offentleg gang- og sykkelveg.*

Saksframlegg og vedtak (saksprotokoll) frå handsaminga i fylkesutvalet finn de ved å følgja lenka:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=569>

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
VOSS KOMMUNE